

**Notat**Dato: 31.08.2017  
Arkivsak: 2014/16773-20  
Saksbehandlar: fromann

---

**Til:** Hovudarbeidsmiljøutvalet  

---

**Frå:** Fylkesrådmannen  

---

**Oppfølging av IA-avtalen - status september 2017**

Det vert vist til handlingsplan for inkluderande arbeidsliv (IA) i HFK, og til tidlegare handsaming i HAMU 31.03.2017 med status pr. mars 2017.

Fylkesrådmannen legg her fram status for handlingsplanen for IA pr. september 2017, inkludert delplanen «Livsfasepolitisk handlingsplan», sjå vedlegg.

Dei fleste tiltaka i IA-planen er no gjennomført eller under oppfølging. Fleire av tiltaka er prosessprega lokale aktivitetar som ikkje er kartlagt, ref. tiltak nr. 5, 13 og 17. Andre tiltak vert direkte eller indirekte kartlagt gjennom Eigenkontrollen.

Når det gjeld dei lokale tiltaka som ikkje er kartlagt, så er det gjort fleire grep i 2017 for å styrke det **lokale** arbeidet med HMS og IA, jf. den store AMU-konferansen 9. mars. Ein ny rutine for AMU-arbeid er godkjent i HAMU og publisert i Kvalitetsportalen. HMS-kurs i HFK har i større grad enn tidlegare fått oppslutning frå leiarar og AMU-medlemmer. Det er likevel grunn til å tru at nokre einingar ikkje har oppfylt dei krava som ligg i handlingsplanen. HR-seksjonen vurderer i samarbeid med NAV Arbeidslivssenter å tilby oppfølging av nokre slike einingar, og vil då prioritere einingar som er eller har vore under omstilling, eller der Kvalitetsportalen gir grunn til å tru at det er lite aktivitet på HMS-området.

Nærværsmåla vart i liten grad oppnådd ut frå statistikk for 2016, jf. aktivitet 6 og 7. Nærværet totalt i HFK var i 2016 på 94 prosent, og i første halvår 2017 på 94,2 prosent, medan måttalet generelt og for dei fleste avdelingane er på 95 prosent. Tal for første halvår 2017 viser at berre Samferdselsavdelinga så langt ser ut til å innfri nærværsmålet, med eit nærvær på 95,7 prosent. Tendensen dei fire siste kvartala er likevel at HFK er på rett veg mot å nå IA-målet på dette området.

Den livsfasepolitiske handlingsplanen vert fulgt opp, men ein har ikkje fått fram tilbakemelding på alle punkt. HAMU vil få nærare orientering om dette i møtet.

Vedlegg:Handlingsplan for Inkluderande Arbeidsliv i HFK 2014-2018 – Status september 2017  
Livsfasepolitisk handlingsplan – Status september 2017